

HELSE BERGEN HF  
Postboks 1400  
5021 BERGEN

Samhandlingssjef, samhandlingsenhet

Vår ref:  
2019/8350 - 3711/2022

Saksbehandler:  
Gro Røine

Dato:  
25.04.2022

## Orienteringssak til Helsefelleskapa i Helse Vest sitt område om PLO-innleggingsrapport som første melding

### Vel heim prosjektet

Vel heim er eit regionalt prosjekt under Alle møter programmet i Helse Vest. Alle møter programmet har som målsetting å bidra til eit betre tilbod til pasientane med gode kommunikasjonsløyningar, digitale tenester og god intern organisering slik at pasientane møter ein heilskapleg og føreseieleg helseteneste i heile Helse Vest. Vel heim skal gjennomføre tiltak for å legge til rette for betre interne arbeidsprosesser rundt utskriving frå poliklinisk, dag og døgnopphald i sjukehusa i Helse Vest.

Tiltaka skal ivareta følgande tre perspektiv:

1. Pasientens perspektiv – pasientar og pårørande sitt behov for informasjon og medverking
2. Samhandlingsperspektivet – kommunikasjon og informasjonsflyt mellom kommune- og spesialisthelsetenesta (sørge for at sjukehusa følgjer eksisterande avtaler/ lovkrav / føringar)
3. Arbeidsprosesser – forenkle arbeidskvardagen til medarbeidarar i (kommune- og spesialisthelsetenesta

### Bakgrunn

Gjennom arbeidet i Vel heim har det komme ønske om at helsepersonell i kommunane skal kunne sende *PLO-innleggingsrapport som første melding* når dei veit at pasienten blir innlagt. Det har tidlegare komme innspel frå kommunar om at sjukepleiarar i kommunal helse og omsorgsteneste har ønskt å sende frå seg Innleggingsrapport så tidleg som mogleg når dei veit pasienten er på veg inn til sjukehus. Dette ønsket samsvarar med [nasjonale retningslinjer](#) og [«Forskrift om standardar og nasjonale e-helseløsningar»](#) der det kjem fram at

*PLO-Innleggingsrapport* skal kunne sendast som første melding når avsendar veit kvar pasienten leggjast inn.


Prosjektet Vel heim har funne ei løysing på denne utfordringa, og vil med dette orientere dei strategiske samarbeidsutvala i Helse Vest sitt område om løysinga. Det vil vere opp til den enkelte kommune om dei ønsker å bidra til å ta løysinga i bruk. Innleggingsrapport som første melding vil vere eit svært viktig bidrag til betre pasienttryggleik, ved å gjere det enklare å sende informasjon tidleg for medarbeidarar i kommunane, når dei veit at pasientar skal leggjast inn i sjukehus. Helse Vest håper difor at kommunane vil bidra til å ta løysinga i bruk, og at føretaka legg til rette for at medarbeidarane i sjukehusa nyttar seg av dei nye moglegheitene dette gjer.

### Nytte av å sende Innleggingsrapporten som første melding

Ein nytteeffekt ved å ta i bruk PLO innleggingsrapport i første melding er at helsepersonell på sjukehusa får tilgang på informasjon før pasienten kjem, slik at ein nytte viktig informasjon frå kommunal helse- og omsorgsteneste. På denne måten vil pasienten bli raskare avklart og vil bidra til å gje rett behandling så tidleg som mogleg.

Eit anna mål er at pasientar og pårørande skal unngå å måtte gjenta informasjon fleire stader. Mange pasientar og pårørande forventar at dei dei møter, er godt forberedt og informert helsepersonell ved overgangar mellom tenestenivåa. Har dei fortalt si historie ein plass og denne er skriven ned bør neste stad pasienten kjem til kunne nytte seg av den same informasjonen. Dette gjeld både på veg inn til sjukehusa og på veg ut. Pasientar kan oppleve det som lite effektiv tidsbruk og utrygt når dei stadig må gjenta dei same opplysningane.

*Figuren viser potensielle nytte-effektar*



## Dagens praksis

1. Sjukehuset sender melding om innlagt når pasient kjem til sengepost, dersom pasienten har kommunale tenester frå før.
2. Kommunen har 24 timer på å svare med PLO innleggingsrapport

Denne praksisen inneber at det berre er eit fåtal av PLO-Innleggingsrapportane som er tilgjengelege medan pasienten er i akuttmottaka.

## Konsekvensar for pasienttryggleik ved dagen praksis

Dei sjukaste og mest sårbare pasientane kan ofte ikkje svare sjølv på spørsmål dei får i akuttmottak ved innlegging og mange av dei kjem i første omgang utan pårørande. Det gjer det meir utfordrande for akuttmottaket å avklare pasienten sin helsetilstand og ta stilling til vidare utgreiing og behandling.

Sidan mange av dei kritisk sjuke pasientane blir innlagt frå heim eller sjukeheim til sjukehus, kan det vere lite informasjon som følger med frå lege. Sjukeheimsleger og fastlegar har ikkje døgnkontinuerleg vakt, og legevaktene kjenner ikkje pasienten. Akuttmottaket må i slike situasjonar støtte seg til opplysningar frå AMK og ambulanse, og til pasientjournal frå tidlegare sjukehusopphald.

Kva kan PLO innleggingsrapporten bidra med?

Ein god innleggingsrapport <sup>1</sup>frå sjukepleiar i kommunen kan innehalde observasjonar knytt til symptomdebut, sjukdomsutvikling og målingar som blodtrykk, puls og temperatur, endra mentalstatus og endra bevisstheitsnivå med meir. Sjukepleiar i kommunen har god informasjon om kva for funksjonsnivå pasienten har «til vanleg». Dei veit også ofte kva medisinar pasienten har fått og kva tid pasienten åt sist. Dei kjenner pasienten sine sosiale forhold og eventuelle psykiske utfordringar. Dei kan også ha registrert kva som er viktig for pasienten og korleis pasienten stiller seg til hjerte-lunge-redning og respiratorbehandling til dømes.

I ein akutt situasjon kan difor innleggingsrapporten gje akuttmottaket eit meir presist bilete av pasienten og vere eit viktig og godt grunnlag å byggja vidare på når dei skal diagnostisere, behandle, gje pleie og omsorg og kommunisere med pasient og pårørande. I tillegg gir det eit betre grunnlag til å forstå om pasienten vil ha eit endra funksjonsnivå etter sjukehusopphaldet slik at sjukehusa kan varsle rett og tidlig til kommunane, slik at også dei kan førebu seg betre.

## Løysninga: PLO innleggingsrapport som første melding

Dei fire helseføretaka i regionen har i dag ulik praksis i forhold til om dei tar imot *Innleggingsrapport* som første melding frå helse og omsorgstenesta i kommunen. Nokre av helseføretaka har opna for at *Innleggingsrapport* kan sendast som første melding, medan andre ønsker at kommunen skal ha fått *Melding om innlagt pasient* først.

Per i dag har ikkje Helse Vest sine journalsystem hatt gode og automatiserte prosessar for å kunne ta imot store mengder innleggingsrapportar utan at pasienten er registrert innlagt. Det

---

<sup>1</sup> [minimumsinnhold-innleggelsesrapport \(2\).pdf](#)

blir no arbeida med å legge til rette for meir automatikk i dei interne varslingane til dei rette gruppene av helsepersonell når meldinga kjem før pasienten er registrert innlagt.

I dette arbeidet har vi hatt behov for å avklare nokre spørsmål med representantar frå kommunesektoren, og har tatt spørsmåla inn i det allereie etablerte samarbeidsområdet med KS e-komp Vest. Representantar frå sjukehusa og frå Helse Vest IKT deltek i faste møte med dette kompetansenettverket. Nettverket har over lang tid vore ein viktig samarbeidspart når det gjeld innføring av ulike elektroniske meldingar mellom sjukehus og kommunesektoren. Detaljert informasjon om KS e-komp Vest og korleis dei er organisert for å dekke alle kommunane i regionen, finn ein [her](#). Det ligg også meir [informasjon på sidene](#) til KS om oppdraga som KomUT/KS e-komp har hatt gjennom heile perioden nettverket har fungert.

Dei viktigaste avklaringane som er gjort i dialogen med KS e-komp Vest er følgjande:

- Kommunane ønsker at ein skal kunne sende *Innleggingsrapport* som første melding på både planlagde innleggingar og på ØH-pasientar
- Kommunane ønsker ikkje å starte opp før alle helseføretaka i Helse Vest er klare til å ta i mot innleggingsrapport som første melding Dette med bakgrunn i at pasientar kan bli innlagt på tvers av føretaksområder og det dermed naudsynt med lik prosedyre på tvers av føretaka
- Ved planlagde innleggingar kan Innleggingsrapporten sendast inntil 24 timar før.

Det er viktig å presisere følgjande:

Helse Vest legg til rette for at kommunane **kan** sende Innleggingsrapporten som første melding. Det vil **ikkje** bli ei plikt for kommunane å gjere det, men det vil bidra til betre pasienttryggleik for pasientane.

### **Vidare arbeid og avklaringar**

Det står fortsatt att litt arbeid med å klargjera den tekniske løysinga som må etablerast i Helse Vest sine system før vi er klare til å ta imot Innleggingsrapport som første melding. I tillegg må endringar i interne prosedyrar i Helse Vest godkjennast. Dei prosedyrane kan vere manuelle kontrollar og handtering av tilfelle dersom automatikken ikkje fungerer. Slike regionale prosedyrar skal godkjennast av Operativt Styringsorgan (OSO) i Helse Vest. Vi kjem tilbake med tidspunkt for kva tid Helse Vest har alle tilpassingane på plass slik at løysinga kan takast i bruk.

Vel heim prosjektet vil utarbeide ei kort orientering om endringa som vil bli delt gjennom dei etablerte samarbeidsstrukturane i Helsefellesskapa. Denne kan kommunane bruke til å sikre informasjon om endringa til eigne medarbeidarar. Informasjonen vil mellom anna innehalde dei nasjonale retningslinene for innhald i PLO meldinga saman med det juridiske grunnlaget for å dele informasjon i PLO Innleggingsrapport som første melding.

Denne saka er ein orienteringssak frå Helse Vest til dei strategiske Samarbeidsutvala for å opplyse både kommunar og føretak om mulighetene for å sende- og motta PLO Innleggingsrapport som første melding. Helse Vest ber om at dette blir gjort kjent i helsefellesskapa og ber deretter om at kvart helsefellesskap ser på korleis dei kan realisere nytten som kan følgje av betre deling av viktig informasjon på beste måte.

Vennlig hilsen

Gro Røine  
Prosjektleder Vel Heim

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Mottakere

HELSE BERGEN HF

HELSE FØRDE HF

HELSE STAVANGER HF

HELSE FONNA HF